



Majo Eigedom as
Lindåsvegen 154

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/296 - 15/9291

Saksbehandlar:
Rune Kilen
Rune.Kilen@lindas.kommune.no

Dato:
22.04.2015

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense Gbnr 137/765 Isdalstøbakken - retting

Teknisk drift syner til søknad datert 22.01.2015 vedkommande søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 137/765 – Isdalstøbakken.

Vedtak:

Teknisk drift vil gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg – gbnr 137/765 – Isdalstøbakken på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (takutstikk) og midt kommunal veg skal være minimum 12 m.
- Tiltaket skal være plassert slik at tekniske krav til avkjørsle vert opprethalde (sjå eget vedtak).
- Tiltaket må ikkje vera til hinder for planlagt ny tilkomst til Kubbaleitet (sjå vedlegg)

Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 29-31 at vegmynde skal setje krav til tiltak langs offentleg veg. Vi gjer merksam på at dispensasjonen berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Rune Kilen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Majo Eigedom as

Lindåsvegen 154